

Uttale vedk.parsell 1 i klage på avslag om søknad om dispensasjon fra kommuneplanen sin arealdel frå gnr 5 bnr 7.

Eg har sidan 2002 drive grasproduksjon på dette gardsbruket ved hjelp av maskinell innhausting. Krava til effektivisering i landbruket har vorte større og større dei siste 10-åra med det resultat at alle maskiner og redskaper også er blitt større og tyngre. Den omsøkte parsellen som er på ca 1daa er grunnlendt og ikkje egna for dagens maskiner og sidan 2004 har ikkje teigen vore nytta til grasproduksjon.

Eg les i saksutgreiinga til kommunen at: Teigen er i markslagskartet til Norsk institutt for skog og landskaper m.a registrert med 1,1daa fulldyrka jord»som ein del av eit større dyrka eller dyrkbart område innanfor hovudteigen til dette bruket»og etter å ha vore på synfaring på staden legg kommunen til grunn at denne registreringa er korrekt. Dette er uriktige saksopplysninger og det er med på å undergrave tilliten til sakshandsaminga i Meland Kommune ,ekstra uheldig at sakshandsamar skriv at det har vore synfaring på staden. Denne parsellen ligg på eit høydedrag mellom 6-7 meter høgere enn hovudteigen på bruket. Ved kontrollmåling med Topcon GPS måleutstyr ser ein at hovudteigen ligg på kotehøyde 19,5 -20,8 m.o.h medan den omsøkte parsellen ligg på kotehøyde 26,5-27,5 m.o.h. Parsellen heng heller ikkje saman med hovudteigen grunna ein fjellskrent langs heile teigen.

Som formann i Meland Bondelag synes eg det er flott å lese at Fylkesmannen i Hordaland har uttalt følgjande: Det er eit nasjonalt mål at det årleg skal omdisponerast mindre enn 6000 dekar dyrka eller dyrkbar jord i Noreg, og kommunane har eit klart ansvar for at dette målet vert nådd. I den nylig vedteke arealdelen i kommuneplanen er det avsett eit område kalla B10 til boligformål. På gnr 10 bnr 15 som er ein del av B10 vil ein beslaglegge minimum 13 daa fulldyrka mark og 15 daa beitemark. Dette arealet er ein del av eit større dyrka eller dyrkbart område så det var med undring eg registrerte at Fylkesmannen i Hordaland ikkje kom med motsegn i dette høve.

For at ein skal ha tillit til sakshandsaminga i Meland kommune og Fylkesmannen i Hordaland må det vera ein klår samanheng i vurdering og argumentasjonen i saker som gjeld vern om dyrka og dyrkbar jord. I denne dispensasjonsaka er ikkje dette tilfelle. Når ein i saksutgreiinga kjem med direkte uriktige opplysninger vert det ekstra alvorleg. Ut frå eit jordbruksomsyn vil ein ikkje sette omsyna bak gjeldane LNF- formål vesentlig til side i denne saka.

Øvre Sagstad 10.02.2016

Mvh. leigetaker/leiar Meland Bondelag

